



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
saksnummer 20/6731-1		47337/2021/U00/&13	Eivind Vartdal Ryste , 71 28 02 16	29.03.2021

NOU 2020:15 Det handler om Norge - høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal har behandla NOU 2020:15 Det handler om Norge. Her er høyringsvaret frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar at velfungerande bustad- og arbeidsmarkadar og infrastruktur som bind landet saman er viktig for å møte dei demografiske utfordringane i distrikta. Fylkestinget sitt vedtak i sak T-53/20, prioriteringar til NTP 2022-2033, er vårt innspel til behov i Møre og Romsdal. Godt utbygd digital infrastruktur er særleg viktig.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter forslaget om halverte fergetakster og eit rimelegare ferjetilbod for dei reisande på ruter som ikkje er fullt utnyttat. Staten må finansiere dette. Nasjonal ferjestandard må få auka frekvens og lenger opningstid, med tilhøyrande auke i sum tilgjengeleg til fordeling i inntektssystemet for fylkeskommunane.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker at det skal bli auka statlege tilskot til kollektivtransport i distriktet. Tilskotet kan gjerne bli gitt som auka tilskot gjennom inntektssystemet. Denne auka kan nyttast til å gi målgrupper som unge og eldre eit betre kollektivtilbod. Forslaget om å teste ut førarkort for 16-åringar bør leggjast vekk.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar vurderinga om at det er viktig å oppretthalde flytilbod over heile landet, fram til lyntognettverk er på plass.
5. Kulturområdet legg til rette for ytringsfridom, demokratibygging og medborgarskap, og er ein viktig ressurs i debatten om folkehelse og livsmeistring for den enkelte. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det blir oppretta tiltak og verkemiddel som bidreg til å skape attraktive bustadmiljø der fritid, barn og unge får særleg merksemd.
6. Kunnskap om innbyggjarane sin livskvalitet gjer offentlege myndigheiter i stand til skape eit sunnare og meir rettferdig samfunn. Det tverrsektorielle folkehelsearbeidet bør bli tydeleggjort med egne tiltak
7. Møre og Romsdal fylkeskommune har som regional samfunnsutviklar gode erfaringar med at økonomiske verkemiddel stimulerer til vekst og utvikling. Vi oppmodar om at spelemiddelpotten blir brukt målretta for å oppfylle distriktpolitiske mål for anleggs- og arenavikling på kultur- og idrettsområdet.
8. Møre og Romsdal fylkeskommune ser behovet for forslaget om økonomisk støtte til sanering av bygningsmessig forfall, men fryktar at eit slikt tiltak kan føre til at viktige kulturminne går tapt. Derfor rår vi til at det også blir oppretta støtteordningar for å ta vare på bygningsmasse og vidare gjenbruk i tråd med FN sine berekraftsmål.

9. Fleire statlege kompetansearbeidsplassar må flyttast ut i regionane for å skape større breidde i arbeidslivet. For å bidra til dette bør staten etablere felles tverrfaglege kontorløysingar i distriktskommunar.

10. Regionale utdanningsinstitusjonar og -tilbod av høg kvalitet er motorar for utvikling i distrikta. Det trengs endringar i finansieringssystemet for høgare utdanning og sterke insentiv som kan sikre desentralisert struktur for studiestadar, fleircampusmodellar og fleksible etter- og vidareutdanningsopplegg. Utdanning må lokaliserast der verdiskapinga skjer, det styrkar både næringslivet og utdanningstilboda. Det trengst auka utdanningskapasitet av helse- og omsorgspersonell og yrkesfag generelt.

11. For å kunne levere gode tenester og skape gode samfunn, trass i demografiske utfordringar, må kommunane få behalde meir av dei verdiane som vert skapt lokalt, særleg knytt til bruk av naturressursar. Skatt på næring som utnyttar lokale areal- og naturressursar må kome dei lokalsamfunna som avgir ressursane til gode.

12. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar utvalet sitt forslag om å utvikle eit meir strukturert regionalt samarbeid mellom stat, fylkeskommune, og kommune. Samarbeidet må ha som formål å utarbeide felles strategiar og prioriteringar for viktige samfunnsfunksjonar i kvar enkelt region. Fylkeskommunane og kommunane treng handlingsrom for å ta ei sterkare utviklingsrolle i distriktsområde, og må ha meir reell makt til å forme ein distrikts- og næringspolitikk som er tilpassa regionen sine moglegheiter og utfordringar.

13. Ved reformer i offentleg sektor må det leggast stor vekt på å behalde og utvikle tenestetilbod og arbeidsplassar i distrikta. Tenester må organiserast slik at dei fungerer best mogleg for innbyggjarane, lokalisering må ikkje berre verte styrt av det som gir det optimale kostnadseffektive nivået for verksemda isolert sett.

14. Møre og Romsdal ønsker å være attraktiv som vertsfylke for pionérsatsingar innen bærekraftig energi, maritim industri og havbruk, for å bidra til å skape framtidens velferd gjennom det grønne skiftet.

15. Sikre nødvendig kapasitet og leveringssikkerhet (n-1 løysningar) i kraftnettet. I Møre og Romsdal har kraftnettet for lav kapasitet og leveringssikkerhet for å nå klimamåla.

Med helsing

Tove-Lise Torve
fylkesordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur